



Arkivsaknr: 2025/1400-2
Sakshandsamar: Kristin Nåmdal
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Varsel om planoppstart - Reguleringsplan for Gulen industrihamn - uttale frå Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune gjev følgjande høyringsuttale til planprogram for regulering av Gulen industrihamn:

Alver er nabokommune og vil vere visuelt påverka av tiltaket. Alver kommune ber om at tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnader blir grundig vurdert i planprosessen.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Wergeland Gruppa AS/GE har sendt inn konsesjonssøknad til NVE med konsekvensutgreiing for ein vindturbin på 285 meter. Før det kan innvilgast konsesjon, må høgdegrensa for vindturbin i gjeldande plan endrast.

Det vert difor varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid for reguleringsplan for Gulen industrihamn gnr. 63 bnr. 15 i Gulen kommune.

I gjeldande plan er det lagt til rette for oppføring av vindturbinar med høgde opp til 150 meter. Føremålet med reguleringsendringa er å endre den tillatne høgda på vindturbin i gjeldande plan til 285 meter.

Det er krav til konsekvensutredning i planen. Etablering av vindturbin (vindkraftanlegg) fell inn under KU-forskrifta § 6. Denne planen vil kunne få verkingar for miljø og samfunn. Den skal difor konsekvensutgreiast etter plan og bygningslova § 4-2, og forskrift om konsekvensutredningar kapittel 2.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Georgine Wind AS har søkt NVE om konsesjon for testing og påfølgjande drift av ein vindturbin i planområdet. Dette er ein havvindturbin med planlagd installert effekt på inntil 18 MW. Turbinen har ei totalhøgde på 275 m, som er over høgdegrensa på 150 m for vindturbinar i den gjeldande detaljreguleringa (jf. føresegnene § 2.1.8). For at NVE skal kunne gje konsesjon etter energilova, må arealbruken vere i samsvar med vedtatt plan etter plan og bygningslova.

Turbinen er planlagt høgare enn det som er lagt til rette for i gjeldande detaljregulering for Gulen industrihamn (planID 2013003), og detaljreguleringa må difor endrast for at NVE skal ta stilling til konsesjonssøknaden for vindturbinen.

Det har tidlegare vore søkt om mindre endring av reguleringsplanen for å kunne etablere vindturbinen. Denne søknaden vart godkjent av kommunen, men etter klagehandsaming vart vedtaket oppheva med bakgrunn i at Statsforvaltaren har vesentlege merknader til planendringa.

Tiltakshavar har nå utarbeida eit planinitiativ og eit planprogram for reguleringsendringa. Dette har Alver kommune fått til høyring etter plan og bygningslova. Høyring er sett til 14.03.25, men Alver er i dialog om utsett frist p.g.a. politisk behandling.

Vurdering

Planområdet ligg vest for Halsvika på nordsida av Fensfjorden og omfattar Gulen industrihamn som er eit opparbeidd industriområde med tilhøyrande kaianlegg og internvegar. Fleire næringsverksemdar held til innanfor planområdet.



Illustrasjon over området

Planprogrammet:

Planprogrammet gir ei skildring av føremålet med planarbeidet, planområdet, løysingar, og problemstillingar som er vurdert som viktig for miljø og samfunn. Å klargjere behovet for utgreiingar er ein sentral del av planprogrammet.

Føremålet med høyringa av dette planprogrammet er å få innspel på kva utgreiingar som skal gjennomførast.

Om tiltaket:

Wergeland Base AS ynskjer å endre den gjeldande reguleringsplanen for å leggje til rette for etablering av ein vindturbin på 285 meter og med installert effekt på inntil 18 MW. Dette krev at føresegnene, som opnar for vindturbinar på inntil 150 m innanfor delområde BN4–BN8, blir endra. Det blir føreslått å endre føresegnene slik at det anten blir opna for ein vindturbin med høgde opp til 285 m over gjennomsnittleg planert terreng, eller vindturbinar med høgde opp til 150 m over gjennomsnittleg planert terreng (som i dagens plan).

Det er i planprogrammet forslått avbøtande tiltak for prosjektet.

For å redusere dei negative verknadane av vindturbinen for miljø og samfunn, kan følgjande avbøtande tiltak vere aktuelle:

- Montere utstyr som gjer det mogleg å overvake fugletrekk og stogge turbinen når trekkaktiviteten er høg.
- Male rotorblad og eventuelt tårn med kontrastfarge for å gjere dei meir synlege for fugl.
- Installere eit system for isdeteksjon på turbinen, slik at han kan stoggast i periodar der det blir registrert is på rotorblada.
- Installere sensorar som blir kopla til styringssystemet til vindturbinen, slik at han kan stoggast i korte periodar når vêrtilhøva og solposisjonen tilseier skuggekast.

Avbøtande tiltak vil bli endeleg avgjort av NVE som del av behandlinga etter energilova.

Partar

Alver kommune er nabokommune og høyringspart i saka på reguleringsendringa.

NVE skal gje konsesjon etter energilova. NVE skal ta stilling til konsesjonssøknaden for vindturbinen etter at reguleringsplanen er politisk handsama.

Vurdering av særskilte grupper

Vindturbinen er planlagt i eit alt etablert industriområde og vil ikkje ha påverknad på barn og unge sine oppvekstvilkår.

Kommunedirektøren si tilråding

Planprogrammet gjev ei skildring av føremålet med planarbeidet, planområdet, løysingar, og problemstillingar som er vurdert som viktig for miljø og samfunn. Å klargjere behovet for utgreiingar er ein sentral del av planprogrammet.

Føremålet med høyringa av planprogrammet er å få innspel på kva utgreiingar som skal gjennomførast.

Kommunedirektøren vil understreke at det er sentralt at tiltakets verknad på, og tilpassing til landskap og omgjevnader (jf. KU-forskrifta § 1, andre ledd bokstav f) vert grundig vurdert i planprosessen. Testanlegget vil bli visuelt synleg for nærområda og omkringliggande kommunar. Alver er nabokommune og vil vere visuelt påverka av tiltaket.

Vedlegg

- 1 Varsel om oppstart
- 2 Planinitiativ reguleringsendring vindturbin Sløvåg
- 3 Planprogram - endring Gulen industrihamn
- 4 Referat Oppstartsmøte Sløvåg næringsområde PID 2013003 09.01.2025
- 5 Varselbrev.pdf
- 6 Planområde - Varselkart

